

Saksframlegg

| Utv.saksnr | Utvalg | Møtedato |
|------------|-------------|------------|
| 86/2017 | Formannskap | 21.11.2017 |

**Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av forslag til planprogram -
Kommunedelplan for klima og energi 2018 - 2024**

Vedlegg:

- 1 Forslag til felles planprogram for revisjon av kommunedelplan for klima og energi for Vågå, Lom og Skjåk

Innstilling frå administrasjonssjefen:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 blir det kunngjort oppstart av planarbeid for felles kommunedelplan for klima og energi for kommunane Vågå, Lom og Skjåk.
2. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 blir forslag til felles planprogram for kommunedelplan for klima og energi for kommunane Vågå, Lom og Skjåk lagt ut til offentlig ettersyn og høyring.

Saksprotokoll i Formannskap - 21.11.2017

Vedtak

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 blir det kunngjort oppstart av planarbeid for felles kommunedelplan for klima og energi for kommunane Vågå, Lom og Skjåk.
2. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 blir forslag til felles planprogram for kommunedelplan for klima og energi for kommunane Vågå, Lom og Skjåk lagt ut til offentlig ettersyn og høyring.

Samrøystes.

Saksutgreiing

Alle kommunar og fylkeskommunar skal i samsvar med Statlege planretningsliner (SPR) for klima- og energiplanlegging utarbeide ein klima- og energiplan. Lom sin kommunedelplan for klima- og energi vart vedteken 17.06.2010. I vedteken planstrategi 2016–2019 for Lom går det fram at arbeidet med revisjon av kommunedelplan for klima og energi skal setjast i gang i 2017.

Målet med klima- og energiplanlegging er å kartlegge nå-situasjonen og gjennomføre tiltak som gir resultat i form av reduserte klimagassutslepp i kommunane. Føringsane i SPR for klima- og energiplanlegging skal leggest til grunn i arbeidet.

Arbeidet med klima- og energiplan skal bidra til auka medvit og kunnskap om tiltak for å nå nasjonale og regionale klima- og energimål. Planarbeidet skal bidra til at kommunane kjem fram til realistiske mål for arbeidet, og tiltak for å nå måla. Utarbeiding av ein eigen tiltaksdel og prioritering av ulike tiltak skal inngå i planarbeidet.

Planprosess, planinnhald og verknad for tematiske kommunedelplanar er styrt av plan- og bygningslova. Varsel om oppstart av arbeidet med revisjon av kommunedelplanen blir samordna med at forslag til planprogram blir lagt ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet skal avklare rammer, premisser og føremål med planarbeidet. Det skal seie kva for problemstillingar som vil bli behandla, og kva for kunnskapsinnhenting som er nødvendig for å gjennomføre planarbeidet. Vidare skal framdrifta for planprosessen og opplegg for å sikre medverknad i prosessen gå fram av planprogrammet.

Vurdering

Både Vågå, Lom og Skjåk kommune har i vedtekne kommunale planstrategiar prioritert revisjon av gjeldande klima- og energiplan i 2017. Dei tre kommunane har relativt like utfordringar, og administrasjonen i kommunane meiner derfor at ligg til rette for å samarbeide om ein felles kommunedelplan for klima og energi, men med ein eigen tiltaksdel (handlingsprogram) separat for kvar av kommunane. Administrasjonen har ut frå dette gått saman om utarbeiding av eit felles planprogram for planrevisjon. Forslaget til planprogram er vedlagt.

Vågå, Lom og Skjåk kommunar skal ved utarbeiding av klima- og energiplan følgje føringane i den statleg planretningslina når det gjeld innhald. Det er vanskeleg å finne god klimastatistikk på kommunenivå, og det er viktig at det ikkje blir hovudfokus på å kartlegge nå-situasjonen. Målet med planarbeidet skal først og fremst vere å finne fram til realistiske og gode tiltak lokalt som kan bidra til å redusere klimagassutsleppa.

Det er vald ut fem hovudtema for revisjonsarbeidet, jf. liste under. Dei to fyrste punkta tek utgangspunkt i kommunen sin eigen organisasjon og drift. Dei andre punkta er meir retta mot haldningsskapande arbeid og langsiktig planarbeid.

Føreslegne hovudtema ved revisjon av kommunedelplan for klima- og energi er:

1. Energiforsyning og energibruk i kommunale bygg
2. Kommunale innkjøp
3. Haldningsskapande arbeid
4. Arealbruk og transport
5. Klimasmart landbruk

I vedlagt forslag til planprogram er det gjort greie for formålet med planarbeidet, hovudtema ved revisjon, ansvar og organisering av planprosessen, medverknad og framdriftsplan. Etter avslutta offentleg ettersyn vil forslag til planprogram med eventuelle justeringar som følgje av innspel i høyringa bli lagt fram for politisk behandling.

Administrasjonssjefen rår til at det blir varsla oppstart av arbeid med felles kommunedelplan for klima og energi for kommunane Vågå, Lom og Skjåk, og vidare at framlagt forslag til planprogram blir lagt ut til offentleg ettersyn og høyring. Kunngjering av planoppstart og offentleg ettersyn av forslag til planprogram kan skje først når alle tre kommunane har gjort vedtak om dette.